ALVER
KOMMUNE

Cowi AS Avd Bergen
Postboks 2422
5824 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: 534e5244-771c-408e-891c-67bcec928099 | Linda Hammersvik Folkestad | 26.01.2022 |
| Vår: 22/292 - 22/7294 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på søknad om ny avkjørsel til gbnr 185/284 Isdal

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til søknad om avkjørsle frå kommunal veg til gbnr 185/284.

Avkjørsle som vist i søknad er, i reguleringsplan for Lonena Gbnr 185/284 m.fl, regulert som offentlig kjøreveg (o_SKV5). Svingradius og sikt for nytt vegkryss følgjer av reguleringsplanen.







For å kunne etablere o_SKV5 må ein søkje byggesak om løyve etter plan og bygningslova. Før byggeløyve kan gis, skal teknisk vegplan være godkjent. Dersom det ikkje ligg føre godkjent teknisk plan, må denne sendes inn til vegmynde for godkjenning.

### 3.2.4 Veg - tekniske planar

Det skal utarbeidast detaljerte tekniske planer for nye og endra offentlege veganlegg. Byggeplanar for tiltak i tilknyting til riks- og fylkesvegen skal vere godkjend av aktuell vegmynde før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor planområdet. Ved arbeid på offentleg veg må det gjerast gjennomføringsavtale med vegeigar og tiltakshavar.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Ut i frå reguleringsplan vil avkjørsle til trafostasjon komme over regulert fortau. Det betyr at avkjørsle må etablerast over fortau med nedsenka kantstein. Avkjørsle må være avgrensa og skal ikkje kutte fortauet. Avkjørsle skal elles stette tekniske krav fastsett i gjeldande regelverk. Dette må være vist på situasjonsplan, teikningar og lengdeprofil i avkjørsle.

Avkjørsler i regulerte områder vert handsama i byggesaka, etter uttale frå vegmynde. Da o_SKV5 ikkje er etablert, kan vegmynde ikkje gje ei slik uttale. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan, på noverande tidspunkt, ikkje ta stilling til søknaden.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Are Frøysland Grande
Larissa Dahl

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Cowi AS Avd Bergen | Postboks 2422 | 5824 | BERGEN |